



Dato: 14.11.2022

Høyrings svar til forslag om ny boklov

Samandrag

Regjeringa har sendt forslag om ny boklov ut på høyring, med frist 18. november 2022. Føremålet med boklova er å leggja til rette for breidde, mangfald og kvalitet i norsk litteratur, og å sikra god tilgjengelegheit til litteraturen for alle i Noreg.

Biblioteket støtter forslaget til ny boklov.

Vurdering

Biblioteket ynskjer å gje nokre innspel til forslag til boklov.

Lova sitt verkeområde (§3)

Lova vil ikkje gjelde for skulebøker til grunnskule og vidaregåande skule. I dei tilfella der elevar ikkje deltar i vanleg skulegang, bør ein sikra rabattert pris på enkeltteksemplar eller andre grep for å sikra rimeleg tilgangen til skulebøker.

Bibliotekrabatten (§5)

Bibliotekrabatten er veldig viktig for at biblioteka skal kunne fortsette å gje eit godt tilbod til sine brukarar. Me meiner det er svært positivt at dette blir vidareført i forslag til ny boklov.

Plikt til å tilby og levera e-bøker og digitale lydbøker (§6 og 7)

Biblioteket støttar opp om at plikt for å tilby digitale lydbøker også skal gjelde for levering til folkebibliotek. Når lydbok på CD er fasa ut er det svært viktig at biblioteka får god tilgang på kjøp av digitale lydbøker for å kunne oppretthalde eit tilbod med vekt på kvalitet, allsidigheit og aktualitet for alle lånarar.

Me vil påpeka at dagens utlånsmodell for utlån av digitale lydbøker (og e-bøker) opplevast som ressurskrevjande og uføreseieleg. For at biblioteka skal kunne driva god samlingsutvikling også av digitale lydbøker, er det viktig at dagens modell for lisenssal til bibliotek erstattast av ein modell for eksemplarsal. Me meiner at det bør utarbeidast eit punkt som skisserer ein ny pris- og utlånsmodell for digitale lydbøker og e-bøker for biblioteka, for å sikra ei ordning som er levedyktig.



Voss herad

Med venleg helsing

Ritha Helland

Biblioteksjef

Tlf: 952 62 005